

Årsmelding for HIFO Nordvestlandet 2013

HIFO Nordvestlandet har vore arrangør av tre seminar i 2013, alle i samband med røysterettsjubileet 2013. Seminara vart halde på tre ulike stader i fylket (Ålesund, Kristiansund og Volda), og samarbeidspartnar ved alle tre arrangementa var Møre og Romsdal fylkeskommune. Ved det siste av dei tre arrangementa var også Historisk institutt ved Høgskulen i Volda med på arrangørsida.

Røysterettsseminaret *Kvinnelege røyster i 100 år*, Aalesund Museum, laurdag 8. juni:

Seminaret omfatta to føredrag med ein påfølgjande paneldiskusjon mellom føredragshaldarane og tre lokalpolitikarar frå Ålesund. Inger Marie Okkenhaug, professor i historie ved Høgskulen i Volda, løfta i sitt føredrag fram kvinner si deltaking i misjonsorganisasjonar som eit viktig aspekt ved utviklinga fram mot likestilling i Noreg. Historikaren Eivind Hasle fortalde om kvinner som har sett spor etter seg i politikken i Møre og Romsdal på 1900-talet, og han trakk også linjer fram til dagens situasjon for kvinneleg deltaking i det politiske liv.

I paneldiskusjonen deltok - i tillegg til føredragshaldarane - Eva Aurdal Vinje (Ap), Monica Molvær (H) og Elise Marie Stavset (V). Trudi Henrydotter Eikrem (HVO) var ordstyrar. Det vart også opna for innlegg frå publikum under diskusjonen. Arrangementet samla kring 20 tilhøyrarar.

Etter seminaret var det årsmøte i Hifo Nordvestlandet.

Røysterettsseminaret *Kvinnelege røyster i 100 år*, Kristiansund folkebibliotek, laurdag 24. august:

Det vart køyrt same opplegg som i Ålesund: føredrag ved Inger Marie Okkenhaug (HVO) og Eivind Hasle, etterfølgt av paneldiskusjon. I panelet var følgjande politikarar frå Kristiansund inviterte: Line Karlsvik (SV), Anne Nilssen (Ap), Ragnhild Helseth (V) og Sidsel Sæterøy (H). Det var kanskje det fine veret i Kristiansund denne dagen som gjorde at få møtte opp, men etter to interessante føredrag vart arrangementet avslutta med ein fin diskusjon i ei lita gruppe.

Seminaret *Kvinner i historia. Perspektiv frå Noreg og Syria*, Høgskulen i Volda, 29. november

Seminaret omfatta innlegg frå tre forskarar som alle har arbeidd med kvinner som historiske aktørar, dels i Noreg, dels i Midt-Austen. Hege Roll Hansen fortalde om korleis kvinner sin arbeidsinnsats har vorte kategorisert i norske folketeljingar i perioden 1866-1940, medan Dunja Blazevic (UiB) presenterte sentrale trekk ved utviklinga av kjønns historie som fag i Skandinavia fra 1970-tallet og frem til i dag. Inge Marie Okkenhaug (HVO) fortalde om kvinnelege misjonærar og bistasarbeidar blant armenske flyktningar i Syria, ca. 1925-1935. Arrangementet samla kring 20 tilhøyrarar. Seminaret var eit samarbeid mellom Hifo

Nordvestlandet, Historisk institutt ved Høgskulen i Volda, og Møre og Romsdal fylkeskommune.

Seminaret vart avslutta med middag på Rekkedal gjestehus for føredragshaldarar, tilsette ved Historisk institutt og medlemmar i Hifo Nordvestlandet. Middagen var samstundes ei markering av 20-årsjubileet for Hifo Nordvestlandet. Arnfinn Kjelland orienterte om skipinga av laget. Han viste også bilete frå og fortalde om tidlegare aktivitetar i regi av Hifo Nordvestlandet.

Hifo Nordvestlandet har sidan sist årsmøte, 8. juni 2013, hatt eitt styremøte. Harald Krøvel og Inger Marie Okkenhaug, begge ved Høgskulen i Volda, har hatt eit delt leiaransvar. Aktiviteten har i stor grad vore koordinert frå Volda, samstundes som kommunikasjonen med dei andre styremedlemmene har føregått via e-post. Samarbeidet med fylkeskommunen om serien av røysterettsseminar har gjort behovet for regulære styremøte mindre i året som har gått samanlikna med tidlegare.

Hifo-Nordvestlandet har pr. dags dato 33 medlemmer.

Desse sit i styret:

Harald Krøvel (leiar)

Inger Marie Okkenhaug (nestleiar)

Eirik Holmen (styremedlem)

Stein Arne Fauske (styremedlem)

Stina Ådland Jensen (styremedlem)

Bjørn Gunnar Tafjord (vara)

Kari Hasle (vara)

Volda, 17. juni 2014



Harald Krøvel

Hifo Nordvestlandet